



NOTAT

*Læreplanverket for den
10-årige grunnskolen (L97)
som grunnlagsdokument
i praksisopplæringa*

Nils Eckhoff

TITTEL Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) som grunnlagsdokument i praksisopplæringa	NOTAT NR. 2005/9	DATO 22.09.05
PROSJEKTTITTEL Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) som grunnlagsdokument i praksisopplæringa	TILGJENGE	TAL SIDER 9
FORFATTAR Førstelektor Nils Eckhoff	PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG Førstelektor Nils Eckhoff	
OPPDRAGSGJEVAR HSF-ALI	EMNEORD L97 som planleggingsgrunnlag for praksisopplæringa	
SAMANDRAG <p>Notatet er eit samandrag av ei spørjeundersøking blant lærarstudentar på allmennlærlina ved HSF, ALI, våren 2004 om bruk av Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen i praksisopplæringa. Undersøkinga omfattar 1., 2. og 3.årsstudentar på allmennlærlina og gjeld både D- nett- og ordinære studentar. Av 195 studentar var det 105 som gav svar. Undersøkinga viser at planen saman med lærebøkene vert brukt som grunnlagsdokument for utarbeiding av års -, halvårs - og månadsplanar. Også konkrete og tverrfaglege tema- og prosjektarbeid vert utarbeidd på grunnlag av planen. Det ein kan lese ut av svara er at planen påverkar praksisfeltet. Undersøkinga viser og at det er eit vidt område av planen som er i bruk, samstundes som det er stor variasjon i bruken. Resultatet av denne undersøkinga om bruken er i samsvar med den nasjonale vurderinga av L97.</p>		
SUMMARY		
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR

Innhald

Innhald.....	2
Innleiing.....	3
Mål.....	3
Rammer for praksis	3
Utvalg og metode	3
Utval.....	3
Metode.....	4
L97 som grunnlagsdokument	4
Registrering og tolking av svar	5
Generelle spørsmål om planen	5
Innhald og arbeidsmåte	8
Fagplanar og arbeidsmåtar som grunnlag for planlegging	9
Andre synspunkt på planen	9
Sluttord	10
Litteratur	11

Vedlegg

Innleiing

Dette er ei oppsummering av ei spørjeundersøking eg gjorde vårsemesteret 2004 om bruk av Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) blant allmennlærerstudentar i praksisperioden.

Mål

Målsettinga med spørjeundersøkinga er å få eit oversyn over i kva grad lærarstudentar saman med øvingslærer brukar planen som *planleggingsgrunnlag* og *styringsdokument* for det arbeidet dei gjer i praksisperioden. Denne spørjeundersøkinga henvender seg til lærarstudentane.

Rammer for praksis

Dei studentane som har direkte tilknytning til avdeling for lærarutdanning og idrett får praksis knytt til vårt faste øvingsapparat, medan dei studentane som får utdanninga ut frå den desentraliserte modellen har eit øvingsapparat som er leigd inn for ein kortare periode.

Av dei som svara på spørjeskjemaet vårsemesteret 2004 hadde 42 studentar praksis på småskolesteget i grunnskolen, 46 studentar praksis på mellomsteget og 12 studentar praksis på ungdomssteget. Alle stega i grunnskolen er derfor representert.

Utvalg og metode

Utval

Undersøkinga omfattar 1., 2. og 3.klasse på allmennlærarlina ved avdeling for lærarutdanning og idrett ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. I tillegg omfatta undersøkinga to desentraliserte allmennlærerutdanningar som var i det 2. og 3. året i utdanninga. Dei studentane som deltek i den desentraliserte utdanninga er eldre enn dei som går i den ordinære utdanninga og nokre av dei har praksis frå skolen både som lærarar og assistentar. Til saman omfatter dette 195 studentar. Av desse fekk eg inn svar frå 105, men alle av desse har ikkje svara på alle spørsmåla.

Av dei klassane som undersøkinga omfattar var det berre 1. klasse som var teken opp etter *Rammeplan for allmennlærerutdanning*, fastsett 3.april 2003 av Utdannings- og forskningsdepartementet. Dei andre som undersøkinga omfatta får utdanning etter *Rammeplan og forskrift for 4-årig allmennlærerutdanning*, fastsett 1.07.99 av Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.

Tal studentar i praksisgruppene var 4. Eg kunne ha sendt spørjeskjemaet til praksisgruppene og la dei svare samla, men eg valde å spørje den einskilde student fordi det også innan ei praksisgruppe kan det vere forskjellar i måten å gjennomføre praksis på, og gruppa kan ha hatt fleire øvingslærarar.

Studentane hadde allmennpraksis, men kunne og ha fag i praksis som dei ikkje hadde i utdanninga.

Når ein skal vurdere innkomne svar er det viktig å vere klar over at dette er studentar som er under opplæring, dei kjem på praksisskolen ofte midt i eit semester og dei har ikkje den påverknaden på planarbeidet som praksislærarane har. Studentane går til vanleg inn i planar og opplegg og brukar dei som allereie er vedtekne.

Metode

Som metode har eg brukt ei skriftleg spørjeundersøking. For å etterprøve og for å betre validiteten kunne eg ha teke eit representativt utval frå dei ulike klassane og gått inn med kontrollspørsmål av einskildstudentar. Dette vart ikkje gjort. Heller ikkje hadde eg forprøver der eg gjekk inn i forkant for å prøve ut validitet og reliabilitet på spørsmåla.

L97 som grunnlagsdokument

Ved sida av opplæringslova er Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) det viktigaste styringsinstrument vi har i grunnskolen. Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) som grunnlagsdokument er både eit *styringsdokument* og eit *planleggingsgrunnlag* for skolane. Eg skal klargjere desse omgrepa.

L97 som planleggingsgrunnlag

Læreplanane for faga gjev eit felles innhald og er utforma ut frå prinsippa om eit

- sentralt fastsett lærestoff, lokalt lærestoff og tilpassing
- progresjon
- aukande faginndeling, heilskap og samanheng

Dette gjev grunnlag for planlegging av års-, halvårs- og månadsplanar i skolen.

I forlenginga av spenninga mellom nasjonalt fellesstoff og lokal og individuell tilpassing vert balansegangen mellom *lærerstyrt* og *elevsentrert* undervisning markert. Nærliggjande spørsmål er kor mykje elevane skal vere aktive og ta ansvar for læringsprosessar og kor mykje lærarane skal bestemme av både lærestoff og arbeidsmåtar. Ved ei strammare styring av innhaldet tek planen omsyn til at vi har fått større mobilitet i vårt samfunn (Eckhoff, 2001, s. 125).

L97 som styringsdokument

Skolen vert styrt i det vesentlege av regjering og Storting ved hjelp av lov, føresegner, rundskriv, budsjett og læreplan. Saman med opplæringslova, rundskriv og føresenger er læreplanen eit viktig *politisk* og *pedagogisk styringsinstrumentet* for grunnskolen. Det er ikkje noko anna dokument enn L97 (både den generelle delen og fagplandelen) som viser korleis det norske samfunnet ynskjer at skolen skal fungere. Planen er den rettesnora skolefolk skal følgje når dei i samarbeid med foreldre skal setje L97 og

opplæringslova ut i livet. I tillegg til fag og lærestoff, mål for faga, arbeidsmåtar og læremiddel, vurdering og generelle undervisningsprinsipp har læreplanen ein eigen del om fag- og timefordeling med oversikt over kva fag det skal undervisast i. I tillegg vert det og fastsett kor mange veker skoleåret skal vere. Dette inneber at læreplanen vert eit instrument for både informasjon om og formidling av tidlegare og rådande normer, verdiar, kunnskap, vitskap og teknologi som samfunnet vil at skolen skal formidle.

I den generelle delen uttrykkjer planen den *ideologiske substansen* og vi får presentert både elevsyn, samfunnssyn og kunnskapssyn som planen legg til grunn. Dette fortel at våre styresmakter uttrykker vilje til å styre alle sider ved skolen sitt arbeid. Ut frå denne synsvinkelen kan vi seie at læreplanen er eit *politisk styringsinstrument*. Om kor vidt denne planen representerer ei hard eller mjuk politisk styring kan diskuterast. Samstundes er læreplanen og eit *pedagogisk styringsinstrument*. Planen klargjer kva fag og aktivitetar elevane skal arbeide med og korleis elevar og lærarar skal arbeide for å nå måla. Læreplanen er ei utdjuping av §1-2 i Opplæringslova, føremålet med opplæringa.

Læreplanen er for den einskilde skole og lærar eit forpliktande dokument som skal brukast som utgangspunkt for den konkrete planlegginga. Utan ei læreplan for grunnskolen med retningslinjer for skolen sitt virke ville skolen vore ein heilt annan og skolane ville ha vore meir ulike enn dei er i dag.

L97 er eit nasjonalt læreplanverk som legg vekt på sentrale føringar og set krav til mål, innhald og arbeidsmåtar i alle skolar. Vi har fått ein meir synleg pedagogikk enn den som vart forfekta i M87. Som følgje av ein målretta integrering - og inkluderingspolitikk får dei fleste barn og unge i dag med ulike funksjonsvanskar opplæring i tilknytning til vanleg skole med utgangspunkt i ein nasjonal læreplan.

Registrering og tolking av svar

Dette er i utgangspunktet først og fremst ei registrering av kor *omfattande* og *korleis* L97 vert brukt i praksisopplæringa av studentane, men indirekte og av øvingslærarane om korleis dei brukar L97. Eg valde å handsame svara under eitt og dette er derfor inga samanlikning av studentklassane. Sjølv om klassane var komne ulikt i utdanninga og gjekk etter ulike utdanningar (modeller) skulle L97 gjelde på same måte for alle.

Svara er ikkje like utfyllande. Alle har ikkje tenkt gjennom eller lagt like mykje arbeid i å svare. Men sett under eitt gjev oppsummeringa av svara eit bra inntrykk av korleis L97 vert brukt i praksisopplæringa.

Generelle spørsmål om planen

L97 som grunnlagsdokument

Det første spørsmålet var om planen vart brukt som eit hjelpemiddel og grunnlagsdokument for planlegging av årsplanar, halvårsplanar,

månadsplanar og vekeplanar ved den skolen/klassen studentane hadde praksis. Eit stort fleirtal svara at planen vart brukt som ein del av planleggingsgrunnlaget og lagt til grunn når års -, halvårs og månadsplanar vart laga. I tillegg svara eit stort fleirtal at L97 vart brukt som *grunnlagsdokument* for å planlegge innhaldet i praksisperioden.

I forlenginga av dette spørsmålet skulle dei som svare ja forklare på *kva måte planen* vart brukt som eit hjelpemiddel for planlegging. Her vart det svara at planen vart brukt til finne ut kva emne og tema klassen skulle ha på ulike steg. Dette var viktig for å halde eit visst tempo og for å kome gjennom stoff som klassen skulle få dekt i løpet av året. Planen var brukt som grunnlag for å dokumentere at undervisninga var i samsvar med det planen kravde. Ein måtte sikre at områda som var nemnt i planen var sett opp i års - og halvårsplanane. Her kunne ein og velje emne frå lærebøker for deretter å finne igjen stoff som hovudemne i L97. Tema kunne plasserast slik at det passa med årstidene.

Eit lite mindretal svara at planen vart brukt for å vise måldekking i forhold til læreboka og kva som var forventa av mål under planlegging av års - og halvårsplanane. Planen ligg altså til grunn for planlegging av innhald, men mindre for planlegging til bruk av ulike læremiddel.

På spørsmål på kva måte planen vart brukt, nemner svært mange studentar konkret fag som drama, norsk, matematikk, kunst og handverk, KRL, samfunnsfag, heimkunnskap, musikk og NSM (Natur, samfunn og miljø). Det er også dei som trekker fram at konkrete og tverrfaglege tema- og prosjektarbeid vart utarbeidd på grunnlag av L97. Dette vart gjort for å finne dekning for at fagstoffet/innhald og undervisningsopplegg som var brukt, var i samsvar med L97. Nokre få studentar påpeikar at planen vart brukt som grunnlag for vekeplanar og opplegg i timane. Av svara går det fram at L97 ikkje vert brukt som eit absolutt dokument, men meir som rettleiing og støtte for kva klassane skal gjennom.

På spørsmål kvifor planen *ikkje* var brukt som *grunnlagsdokument* for å planlegge innhaldet i praksisperioden fekk eg svar frå 12 studentar. Dei påpeikte at dei hadde støtte i vekeplanar og halvårsplanar og emna var klare og avgrensa før dei kom inn i praksisperioden. Planane var laga med grunnlag i L97, men dei hadde ikkje vore med å utforma planane. Det hadde øvingslærarane gjort på førehand. Dessutan var lærebøkene lagt opp med utgangspunkt frå L97 og dei hadde støtte frå øvingslæraren i planlegginga.

L97 og læreboka

På spørsmål om korleis studentane opplevde forholdet *mellom L97 og læreboka* svara eit stort fleirtal at dei opplevde at lærebøkene var i samsvar med intensjonane i L97. Dei meinte at lærebøkene var skrivne etter gjeldande plan. Dessutan var det nokon som påpeikte at i lærarrettleiingar sto det korleis L97 var knytt opp mot dei ulike emna. Det vart og poengtert at dersom det var bra samsvar mellom lærebøkene og L97 kunne det verte ei sovepute for ikkje å studere L97. Der det ikkje var samsvar mellom læreboka og planen var det viktig at ein las heile planen for å ha ryggen fri

fordi planen bruker formuleringar om at ... *elevane skal*. Som ein kommentar til dette kan eg nemne at ei slik formulering som at *elevane skal* ...kan avgrense utvalet av lærestoff. Det var svært fåe studentar som nemnde spesielle læreverk i samband med dette spørsmålet.

L97 og mål og middel

På spørsmål om planen var brukt som ei informasjonsbok om dei *mål* og *middel* skolen ønskjer å gjere gjeldande overfor elevane svara, eit stort fleirtal *veit ikkje*. Om lag ein tredjepart (om lag 30) svara ja. Dei som svara ja på spørsmålet om planen vart brukt som ei informasjonsbok om dei måla og midlane som skolen fremjar, skulle forklare kvifor. Mange av svara var generelle og det var vanskeleg å lese noko konkret ut av dei. Summen av svara vart at planen var brukt som rettesnor for å sikre at det som vart gjennomgått var i samsvar med L97. Det var omtrent ingen som svara direkte på spørsmålet om planen var brukt som ei informasjonsbok om dei *mål* og *middel* skolen ønskjer å gjere gjeldande overfor elevane. Skulle det vere nyansar gjekk svara mest på mål og ikkje noko om middel som var brukt.

L97 som oppslagsbok

På konkrete spørsmål vart det svara at planen var brukt som oppslagsbok, til oppgåveskriving og som referanse ved periodeorientert planlegging, vekeplanlegging og for å finne ut kva elevane skal gjennom på dei ulike stega. Men planen vert og nemnt som grunnlag for planlegging av konkrete oppgåver, førebuing til timane og til dagleg førebuing. Det vart understreka at bruk av planen gav tryggleik om at ein gjorde det riktige.

L97 som grunnlag for diskusjon

Det vart stilt spørsmål om studentane hadde delteke i *diskusjonar* om planen i løpet av praksisperioden. Her svara litt over halvparten (54) at dei ikkje hadde delteke i nokon diskusjon om planen. Dei som svara ja skulle få fram kva som hadde vore diskutert. Tema som var grunnlag for diskusjon var KRL- faget, om det var mogleg å gjennomføre mål og visjonar planen hadde i høve ressursane ved skolane og om planen var styrande i høve lærebøkene som var brukt. Planen vert brukt, men ikkje diskutert i den grad ein skulle ønskje.

Rettleiing i bruk av L97

Det var og svært fåe studentar (12) som i løpet av praksisperioden hadde fått *retteiing* i bruk av planen av øvingslærar. Tema dei hadde fått *retteiing* om var korleis planen var bygd opp og at ein kunne finne dekning for overordna mål for undervisninga i den generelle delen.

L97 som grunnlag for organisering av undervisninga

Godt og vel halvparten av studentane (60) svara ja på at dei hadde brukt L97 som grunnlag for *organisering* av vanleg undervisning. Dei hadde lagt L97 til grunn for planlegging av prosjekt i KRL - faget, tverrfaglege opplegg og timeopplegg. I tillegg gjekk det igjen at dei ville ha stadfesting på det dei

gjorde var i samsvar med det L97 la vekt på, både for å lage mål og sjekkliste for klassesteget. Derimot svara alle utan unntak *nei* på spørsmålet om dei i løpet av praksisperioden hadde brukt L97 som grunnlag for *organisering av spesialundervisning*. Men vi kan ikkje tolke desse svara slik at spesialundervisninga er fråverande i praksisopplæringa.

L97 og mål og hovudmoment

Det går klart fram av svara (2/3) at *mål og hovudmoment* frå planen vert brukt når undervisninga skal planleggast. Dei faga som er trekt fram er musikk, norsk, KRL - faget, kroppsøving, praksisprosjekt i KRL, matematikk, historie, heimkunnskap og engelsk.

Gjennomgåande i svara er at L97 vert brukt for å sikre at elevane får den opplæringa dei har krav på, og innhaldet i dei opplegga studentane har vert sjekka i høve L97. Dei som svara at dei *ikkje* brukte *mål og hovudmoment* for faga i L97 som grunnlag for planlegging av undervisning, trakk fram at lærebøkene og vekeplanane var tilrettelagt etter L97.

Har L97 status?

På spørsmål om L97 har *positiv status* hos øvingslæraren svara eit fleirtal på 40 at det visste dei ikkje, 31 studentar ja og 13 nei. Dei som svara ja, grunn gav svaret slik at øvingslæraren refererte frå L97 og at planen vart brukt i rettleiinga. Dessutan var det øvingslærarar som framheva at planen var grundig og eit godt utgangspunkt for arbeid i skolen. Vidare var planen brukt som ballast for års - og temaplanlegging, men det vart ikkje lagt vekt på å oppfylle alle detaljerte krav i planen. Dei som svara ja på dette spørsmålet, var tydelege på at øvingslæraren hadde eit positivt forhold til planen.

I utgangspunktet er spørsmålet stilt på ein slik måte at det er vanskeleg å gje eit klart svar. At over halvparten av dei som svara, svara *veit ikkje*, tyder på det. For å få eit klart svar på dette spørsmålet burde studentane ha spurt øvingslæraren direkte. Det vart ikkje gjort. Svaret på dette spørsmålet er derfor basert på eit inntrykk studentane har av øvingslæraren om korleis øvingslæraren oppfattar og eller brukar L97.

Innhald og arbeidsmåte

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) inneheld ein generell del som gjeld prinsippgrunnlaget i planen og ein fagplandel som gjev oversyn over innhald og oppbygging av faga.

I den *generelle delen av læreplanen* får vi ei utdjuing av verdigrunnlaget. Det gjeld menneskesyn, kunnskapssyn, samfunnssyn og dei fostringsoppgåvene skolen har. Her har vi eit tankegodt som skal danne grunnlag for skolens verksemd. Den generelle delen av læreplanen konkretiserer formålsparagrafen gjennom å beskrive sentrale *menneskelige kvalitetar/eigenskapar* som skolen skal utvikle. Dei menneskelege kvalitetane/eigenskapane er:

1. Det meiningssøkande menneske
2. Det skapande menneske
3. Det arbeidande menneske
4. Det allmenndannande menneske
5. Det samarbeidande menneske
6. Det miljøbevisste menneske
7. Det integrerte menneske

På spørsmål i kva grad *prinsippgrunnlaget i planen* (den generelle delen) var lagt til grunn for planlegging av undervisninga svara over 60 at prinsippgrunnlaget i planen i nokon og stor grad var lagt til grunn. 22 svara at prinsippgrunnlaget i planen i liten grad var lagt til grunn, medan 5 sa at den generelle delen av planen ikkje var lagt til grunn i det heile.

Om kor vidt *delar av prinsippgrunnlaget i planen* (den generelle delen) vert lagt til grunn for planlegging av undervisninga (ein eller fleire av dei menneskelege kvalitetane/eigenskapane), svara 60 at planen i nokon eller stor grad var brukt. 19 svara at delar av prinsippgrunnlaget i planen var lagt til grunn, medan 7 svara at delar av prinsippgrunnlaget i planen ikkje var lagt til grunn i det heile.

Fagplanar og arbeidsmåtar som grunnlag for planlegging

Fagplanane som grunnlag for planlegging

På spørsmål i kva grad fagplandelen i planen (dei einskilte fagplanane) vert lagt til grunn for planlegging av undervisninga svarar heile 80 at fagplanane i stor eller nokon grad vert lagt til grunn, medan det er 9 (12) som svarar i liten eller ingen grad. Som svar får vi at dette galdt alle fag i grunnskolen. Det er kristendomskunnskap med religions – og livssynsorientering, norsk, matematikk, samfunnsfag, kunst og håndverk, natur – og miljøfag, engelsk, musikk, heimkunnskap og kroppsøving. Naturleg nok kjem tilvalgsfag og tegnspråk som førstespråk dårleg ut i denne samanhengen.

Arbeidsmåtar

Arbeidsmåtene slik dei kjem til uttrykk i L97 er omgrep som elevaktivitet, elevinteresser, elevmedverknad, kreativitet, oppdaging og utprøving, tilpassa opplæring og tverrfagleg arbeid, vitskapeleg arbeids- og tenkemåte. Her svarar 70 av 87 at arbeidsmåtene i faget slik dei kjem til uttrykk i L97, vert brukt i stor eller i nokon grad, medan 17 svarar i liten eller ingen grad. På spørsmål kva for arbeidsmåtar, vert det referert til heile spekteret som elevaktivitet, elevinteresser, elevmedverknad, kreativitet, oppdaging og utprøving, tilpassa opplæring og tverrfagleg arbeid. Ingen svara vitskapeleg arbeids- og tenkemåte. Ut frå desse svara får ein det bestemte inntrykk at studentane brukar varierte arbeidsmåtar i praksisperioden.

Andre synspunkt på planen

Til slutt var det ein invitasjon til å komme med andre synspunkt på planen som ikkje var teke med i spørsmåla tidlegare, men som dei meinte var viktig

å ta med. På dette spørsmålet var det 15 som svarte. Svare gjekk i mange retningar.

Det studentane var opptekne av var at lærebøkene meir enn L97 kunne styre undervisninga og at detaljrikdommen i planen kunne verke hemmande både på studentar og lærarar. Planen var for omfattande og det var ikkje tid og ressursar til å gjennomføre det som stod der, blant anna prosjektarbeid, elevaktivitet og tverrfaglege aktivitetar. Somme att ser på planen som ein ressurs og eit godt hjelpemiddel som vert brukt i praksis til planlegging av arbeidet og til oppgåveskriving. Planen kunne og vere bra som eit felles utgangspunkt for lik behandling av elevane.

I øvingsopplæringa er det slik at øvingslærarar har planlagt delar av undervisninga før studentane kjem og derfor får studentane ikkje vite noko sikkert om kor vidt planen vert lagt til grunn for undervisninga. Ein student påpeikar faktisk at han aldri har sett L97 bli brukt i skolen. Det er også nokre av studentane som etterlyser informasjon om planen og korleis den kan brukast.

Sluttord

Vi hadde hausten 2003 ei nasjonal sluttvurdering av Reform 97. Eit viktig tema i denne vurderinga var i kva grad og korleis læreplanen påverkar praksis. Det som kom fram i denne nasjonale undersøkinga var at planen er lest, oppfatta som viktig og høgt vurdert blant lærarane. I den nasjonale undersøkinga fann dei at planen har vore mest til hjelp i utarbeiding av årsplanar, halvårsplanar, undervisningsmål og planlegging av innhald og tema i undervisninga. Konklusjonen er at Læreplanverket har fått fotfeste hos lærarane, og at planen er teken på alvor (Haug 2003, s.44).

I denne undersøkinga har eg prøvd å fange opp lærarstudentane som brukarar av planen. Som vi ser påverkar planen saman med lærebøkene direkte praksisfeltet. Planen er av studentane ofte nemnt for å legitimere det som vert gjort både av langsiktig og kortsiktig planlegging (års-, halvårs-, månadsplanar) og heilt konkret på arbeidet i timane. Det er også dei som trekker fram at konkrete og tverrfaglege tema- og prosjektarbeid vert utarbeidd på grunnlag av planen. Det er vanskeleg å lese ut av svare om det er Læreplanverket eller lærebøkene som er mest styrande på den konkrete planlegginga av innhald og tema i undervisninga. Det vi kan slå fast er at studentane brukar L97 i øvingsopplæringa. Det er eit vidt område av planen som er i bruk, men det er og stor variasjon i bruken. Dette er i samsvar med den nasjonale vurderinga av L97.

Sidan det var svært få av studentane som hadde fått *retteiing* i bruk av planen, må det her ligge eit potensiale. Med retteiing og bevisstgjerjing av studentane både av øvingsskolen og faglærarane ved høgskolen kan ein få eit høgare nivå i bruken. Dei få gongene rektor/administrasjon hadde informert studentane refererer studentane til at da vert planen fokusert på som grunnlagsdokument som skolen arbeider etter. Øvingslæraren som studentgruppa har hatt, har også hatt innverknad på korleis planen vert

oppfatta og brukt av lærarstudentane, men i kor stor grad er vanskeleg å seie.

Litteratur

Eckhoff, Nils (2001), *Einskapsskolens historie i Noreg*. Det Norske Samlaget. Oslo

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (1996). Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. Oslo

Haug, Peder (2003), *Evaluering av reform 97*. Sluttrapport frå styret for program for evaluering av Reform 97. Norges forskningsråd.

VEDLEGG

Nils Eckhoff
Høgskolen i Sogn og fjordane
Avdeling for lærarutdanning og idrett
6856 Sogndal

Spørjeundersøking om bruk av L97 i praksisperioden

L97 som grunnlagsdokument i praksisopplæringa

Vi hadde hausten 2003 ei nasjonal sluttvurdering av Reform 97. Eit viktig tema i denne vurderinga var i kva grad og korleis læreplanen påverkar praksis. Det som kom fram i denne nasjonale undersøkinga var at planen er lest og høgt vurdert blant lærarane.

Ved sida av opplæringslova er Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) det viktigaste styringsinstrument vi har i grunnskolen.

Målsettinga med denne spørjeundersøkinga er å få eit oversyn over i kva grad lærarstudentar saman med øvingslærar brukar planen som grunnlagsdokument for det arbeidet dei gjer i praksisperioden. Denne spørjeundersøkinga henvender seg til lærarstudentane.

Studentgruppe

1. klasse på allmennlærlina (set x) (.....)
2. klasse på allmennlærlina (set x) (.....)
3. klasse på allmennlærlina(set x) (.....)

Kva klassesteg har du hatt praksis på i vårsemesteret 2004? (set kryss på det eller dei stega du har hatt praksis)

Småskolesteget.....

Mellomsteget.....

Ungdomssteget.....

Generelle spørsmål om planen

Er planen brukt som eit hjelpemiddel og grunnlagsdokument for planlegging av årsplanar.....

halvårsplanar.....

månadsplanar.....

vekeplanar.....

ved den skolen/klassen du har hatt praksis?

Ja.....

Nei.....

Veit ikkje.....

Dersom ja – kan du svare på kva måte planen vert brukt som eit hjelpemiddel for planlegging? Forklar.

Har du som lærarstudent brukt L97 som grunnlagsdokument for å planlegge innhaldet i praksisperioden?

Ja.....

Nei.....

Dersom ja – på kva måte vert planen brukt. Forklar.

Dersom nei, kvifor er ikkje planen brukt

På kva måte opplever du som student forholdet mellom L97 og læreboka?

Er planen brukt som ei informasjonsbok om dei *måla* og *midlane* skolen ønskjer å gjere gjeldande overfor elevane?

Ja.....

Nei.....

Veit ikkje.....

Dersom ja – på kva måte vert planen brukt som ei informasjonsbok om dei måla og midlane som skolen fremjar? Forklar.

Brukar du som student L97 i di daglege førebuing eller vert planen meir brukt som oppslagsbok eller referanse ved periodeorientert planlegging eller når det oppstår strid og diskusjon i ei sak. Forklar

Har du i løpet av praksisperioden delteke i *diskusjonar* omkring planen?

Ja.....

Nei.....

Dersom ja- kva har vore diskutert?

Har du som student i løpet av praksisperioden fått *retteiing* i bruk av planen av øvingslærer?

Ja.....

Nei.....

Dersom ja- kva har du fått retteiing om?

Har du som student i løpet av praksisperioden brukt L97 som grunnlag for *organisering* av vanleg undervisning?

Ja.....

Nei.....

Dersom ja- på kva måte? Forklar

Har du som student i løpet av praksisperioden brukt L97 som grunnlag for *organisering* av spesialundervisning?

Ja.....

Nei.....

Dersom ja- på kva måte? Forklar

Har du som student i løpet av praksisperioden brukt *mål* og *hovudmoment* for fag/faga i L97 som grunnlag for planlegging av undervisning?

Ja.....

Nei.....

Kva fag?

Dersom ja- på kva måte? Forklar

Dersom nei – kvifor ikkje

Meiner du at L97 har *positiv status* hos øvingslæraren der du har hatt øvingsopplæring?

Ja.....

Nei.....

Veit ikkje.....

Dersom ja – forklar

Innhald og arbeidsmåte

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97) inneheld ein generell del som gjeld prinsippgrunnlaget i planen og ein fagplandel som gjev oversyn over innhald og oppbygging av faga.

Den generelle delen

I den *generelle delen av læreplanen* får vi ei utdjuping av verdigrunnlaget. Det gjeld menneskesyn, kunnskapssyn, samfunnssyn og dei fostringsoppgåvene skolen har. Her har vi eit tankegods som skal danne grunnlag for skolens verksemd. Den generelle delen av læreplanen konkretiserer formålsparagrafen gjennom å beskrive sentrale *menneskelige kvalitetar/eigenskapar* som skolen skal utvikle. Dei menneskelege kvalitetane/eigenskapane er:

1. Det meiningsøkjande menneske
2. Det skapande menneske
3. Det arbeidande menneske
4. Det allmenndannande menneske
5. Det samarbeidande menneske
6. Det miljøbevisste menneske
7. Det integrerte menneske

I kva grad vert *prinsippgrunnlaget i planen* (den generelle delen) lagt til grunn for planlegging av undervisninga?

- Ingen.....
- Liten grad.....
- Nokon grad.....
- Stor grad.....

I kva grad vert *delar av prinsippgrunnlaget i planen* (den generelle delen) lagt til grunn for planlegging av undervisninga? (Ein eller fleire av dei menneskelege kvalitetane/eigenskapane, pkt. 1-7)

- Ingen.....
- Liten grad.....
- Nokon grad.....
- Stor grad.....

Fagplanane som grunnlag for planlegging av undervisning

I kva grad vert fagplandelen i planen (dei einskilde fagplanane) lagt til grunn for planlegging av undervisninga?

- Ingen
- Liten grad.....
- Nokon grad.....
- Stor grad.....

Dersom fagplandelen vert lagt til grunn – kva fag gjeld dette? (Kryss av fag)

Kristendomskunnskap med religions – og livssynsorientering

- Norsk
- Tegnspråk som førstespråk
- Matematikk
- Samfunnsfag.....
- Kunst og håndverk.....
- Natur – og miljøfag.....
- Engelsk.....
- Musikk.....
- Heimkunnskap.....
- Kroppsøving.....
- Tilvalgsfag.....

Arbeidsmåtar

I kva grad vert arbeidsmåtene i faget brukt slik dei kjem til uttrykk i L97? (Læreplanen brukar omgrep som elevaktivitet, elevinteresser, elevmedverknad, kreativitet, oppdaging og utprøving, tilpassa opplæring og tverrfagleg arbeid, vitskapeleg arbeids- og tenkemåte)

- Ingen
- Liten grad.....
- Nokon grad.....
- Stor grad.....

Dersom arbeidsmåtane slik dei kjem til uttrykk i L97 vert brukt – kva for arbeidsmåtar?

Har du andre synspunkt på bruk av planen som ikkje er teke med i spørsmåla du har svara på, vil eg gjerne ha dei med.